

## Referat frå møte i styrarnettverk 31.05.2022

**Tid:** kl 09.00-14.30

**Stad:** ViteMeir, Kaupanger

**Deltakarar i møte:** Elisabeth Øynebråten Bekkedal, Marianne Christensen, Linda Gildseth, Torunn Vethe Gram, Gunnhild Holen, Anne G. Jevnaker, Mette Johannessen, Lena Stai Bolstad, Berit Haganess, Anne Margrete Hatlelid, Linda Midtun, Marie Ovrid, Merete Kvist Rydvang, Heidi Solvoll Navarsete, Ingebjørg Breisnes, Sylvi Aarland, Heidi Austrheim, Eleanor Bjune Mead, Hilde-Anett Tenold, Thale Halset, Solveig Hunshammer, Turid Natvik, Anne Buene, Lillian Bruheim og Ingrid Steine Bortne (25 deltarar) + 3 føredragshaldarar: Kari Marie Navarsete, Yvonne Mæland og Heidi Kvale.

### Saker:

#### **1. Velkommen og kort informasjon om dagen v/ Anne Margrete Hatlelid**

Flott at så mange kunne komma til trass for krevjande vikarsituasjon rundt i barnehagane. Programmet er planlagt ut frå tilbakemeldingar frå førre styrarnettverk, håpar dagen blir lærerik og nytig!

#### **2. Dialog mellom barnehagelærarutdanninga og praksisfeltet v/Kari Marie Navarsete, rådgjevar/praksiskoordinator ved HVL**

Sjå eigen presentasjon vedlagt. Oppfordrar til å nytte tilbodet om deltidsutdanning, har de fagarbeidarar i barnehagane som kan ta steget og bli barnehagelærarar? Barnehageutdanning er ei leiarutdanning. Pedagogikken er integrert i faga i den nye studiemodellen. Flott at same studentar kjem att i praksisveka våren 3.klasse, slik at det vert meir kontinuitet. Viktig med samhandling mellom HVL og barnehagane. Hospitering i barnehagen for HVL-lærarar er meir brukt no, det har god effekt. Målet er å skape gode barnehagelærarar for framtida! Burde vore enno tettare forhold mellom tilsette i barnehage og tilsette hjå HVL. Kan det å ha studentar sjåast på som ein del av kompetanseutviklinga av barnehagane – inkludert i planar for kompetanseutvikling? Viktig å ta kontakt med HVL viss me har ynskje og behov, innspel osv.

#### **3. Korleis ta i mot asyl- og flyktningbarn ved Yvonne Mæland og Heidi Kvale frå Vang kommune**

Sjå eigen presentasjon vedlagt. Yvonne og Heidi delte sine erfaringar frå Vang med samarbeid mellom mottak og barnehage, men også busette flyktningar.

#### **4. Arbeidsgruppa fagnettverk barnehage – informasjon og drøfting kring organisering av fagnettverka frå hausten 22**

Anne Margrete og Ingrid informerte om arbeidet til arbeidsgruppa og korleis organiseringa vert frå hausten av. Datoar for nettverksamlingar for hausten 22 og våren 23 er allereie klare. Me har fått to nettverksansvarlege på plass, men manglar framleis to:

- Fysisk og psykisk helse: ?
- Tidleg innsats og språkutvikling: Hafslo barnehage
- Kreativitet, skaparglede og entreprenørskap: Askedalen barnehage
- Medverknad, vurdering for læring og gjennomføring: ?

I det siste nettverket kan det vere lurt å legge vekt på medverknad, kritisk tenking, etisk vurderingsevne, barns beste, barnekonvensjonen m.m.) Kanskje BTI kan koplast på? Viktig å tenkje ein raud tråd i regionen sitt utviklingsarbeid og lokalt utviklingsarbeid slik at det ikkje vert på «toppen» av alt det andre me gjer..

**Informasjonsmøte/opplæring av fagnettverksansvarlege vert 15.juni kl 9.30-12 + lunsj i Sogndal** saman med arbeidsgruppa. Håpar difor at me har dei to siste nettverksansvarlege barnehagane på plass til då. Nokon som kan ta det på seg? Dei barnehagane som ikkje tek det på seg i denne runden vert truleg spurt til att om to år, må gå på omgang. Fleire barnehagar kan også samarbeide om å leie eit nettverk. Kvart nettverk får 15 000 kr til å disponere til m.a. frikjøp av tilsette som skal leie nettverksmøta, evt. også litt ekstern ressurs. Ein legg opp til mykje deling mellom deltakarane i nettverket, men det er også mogeleg å hente inn ekstern ressurs i nokre høve. Ingrid kan organisere bestilling av lokale, mat, påmeldingssida osv. etter avtale med nettverksansvarleg. Den viktigaste jobben til dei nettverksansvarlege vert det faglege innhaldet, lage eit godt program og leie dagen. Ein treng ikkje sjølv å vere ekspert på området.

Kvar barnehage bestemmer kor mange nettverk dei vil delta på i den neste toårsperioden, nokre vil delta på alle fire og nokre barnehagar vil prioritere å delta på berre eitt nettverk. Men ein må vere med på alle dei fire samlingane i nettverket før ein evt. bytter nettverk. I utgangspunktet tenker me at nettverka ikkje bør vere stort større enn 30 deltakrar, for mindre nettverk kan fungere vel så fint.

#### Nettverksdatoar i årshjulet 2022/23 (set av datoane allereie no):

Fysisk og psykisk helse: 6.oktober og 1.mars

Tidleg innsats og språkutvikling: 19.oktober og 14.mars

Kreativitet, skaparglede og entreprenørskap: 27.oktober og 23.mars

Medverknad, vurdering for læring og gjennomføring: 8.november og 28.mars

### **5.Lunsj og omvising i utstillinga på ViteMeir**

### **6.Oppsummering og vegen vidare**

- **Kort evaluering av dagen i dag:**  
Kjekt å møtast att, gode planar for fagnettverk på eit meir overkommeleg nivå, kjekt å kjenne på fellesskap mellom styrarane, støtte kvarandre og dele erfaringar, viktige tema i dag.
- **Datofeste neste styrarnettverk og ynskjelege tema:**  
I veke 39 eller i november vert det ein to dagars leiarsamling i regionen, der vert det også styrarnettverk inkludert. Me skal ha eit styrarnettverk til i september eller november (ikkje same mnd. som leiarsamlinga). Det vert også styrarnettverk i februar og mai 2023. Alle datoar vert lagt inn i årshjulet for «System for styrka læring» no i sommar.

#### Ynskjelege tema for komande styrarnettverk:

-rekrytering/ vikarsituasjonen

-barnehagelærarflukt, er det noko me kan gjøre i regionen i fellesskap for å motverke dette?

-omdømebygging. Karrieremesse i regionen og Bergen eller liknande arrangement med stand og føredrag e.l Syne fram sektoren for både vidaregåande elevar og høgskuleelevar

-rekomp-barnehagar som kan dele det dei jobbar med: Lærdalsøyri og Borgund, Askedalen, Gamlestova, Hafslø, Fosshagen, Feios/Fresvik/Vangsnes m.fl. Nokre av barnehagane vert kontakta før styrarnettverka for å førebu litt deling om dette

-Organisering av styrarressurs i kommunane og oppgåvefordeling. Korleis gjer ein det i dei ulike kommunane?

- **Tankar kring årshjulet for System for styrka læring 2022/23. Innspel?**  
Årshjulet vert laga i sommar og sendt ut til alle skular og barnehagar. Flott at datoar vert gjort kjende i god tid slik det er tenkt
- **Planleggingsdag 4.november for alle som jobbar i barnehage:** Ingrid jobbar med å få på plass ein god føredragshaldar, og det blir tema innan åtferd og/eller vaksenrolla. Kom gjerne med innspel dersom de har. Ingrid kan sende ut nokre forslag på eigen e-post til styrargruppa. Vert truleg avgjort innan sommaren. Digital økt på ca 2 timer + refleksjonsoppgåver på eigen arbeidsplass ca 1,5-2 timer. Resten av dagen kan nyttast til lokalt arbeid på eininga/i kommunen.

*Skrivar: Ingrid Steine Bortne 01.06.2022*